



Elisabeth Amundsen skjær opp sjokoladekaka som kom direkte frå Uskedalen til Fjellhaugen. Bursdagsbarnet Jone sit mellom far Svein Ottar og rektor Vidar Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Fjellhaugen-veka held fram for elevane i skulen og onsdag var det sjuandeklassen sin tur til å innta ski-eldoradoet. For denne dagen var Fjellhaugen verkeleg eit eldorado frå start til mål - for å nytta eit sportsleg uttrykk. Og for elevane hadde dagen fleire høgdepunkter.**



Trioen Kari Bråtun, Katrine Yri Røssland og Silje Øyre klare for sprintduell. Kari og Katrine går i sjuande klasse på skulen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei 16 elevane boltra seg først tre timar i løypene ned frå 'stortrekket' og deretter to timar i nærleiken av Røde Kors-hytta. Etter middagspause og bursdagsfeiring stod to nye timar ute på programmet, mellom anna med samling rundt bålet som var tent i skileik-området.

Men det var etter at dei hadde hatt sjansen til å heia på dei to klassekameratane deira Kari Bråtun og Katrine Yri Røssland som kjempa hardt i skisprint. For gårdsdagen var også den store skifest-dagen i Fjellhaugen - i regi av skigruppa i Uskedal Idrettslag og Rosendal Turnlag.

Kva så med bursdagsfeiringa? Jo, sjuandeklassingen Jone Rørheim Kjærland fylte 13 år og Svein Ottar og Anne var ikkje snauare enn at dei stilte opp med kaker etter middagen.

Torsdag set fjordeklassen punktum for 'Prosjekt Fjellhaugen' som har vore svært vellukka frå ende til annan. Rektor Vidar Haugland er full av ros til alle som har bidrege til det fine og meningsfylte opphaldet og opplyser til uskedalen.no at det ikkje har vore noko problem undervegs. Kontaktlærarar og foreldrerepresentantar har da også førebudd og gjennomført opplegget svært grundig.

Det er nok mange som vil beklaga at det er tre år til neste gong...

Av Ola Matti Mathisen



Det vanka fleire godsaker i samband med at klassekamerat jone fylte 13 år...(Foto: Ola Matti Mathisen)